

RANDABERG KIRKELIGE FELLESRÅD

MØTEINNKALLING

Styre, råd, utvalg:	Møtested:	Møtedato:	Arkiv FR
Randaberg	Grødem kyrkje	onsdag	
kirkelige fellesråd		10.12.-24 Kl. 17.00	Møte nr. 06/2024
		OBS! Merk tida	

Til medlemmene i nye Randaberg kirkelige fellesråd:

Repr. Gr. Menighetsråd : Jakob Nærheim
Repr. Gr. Menighetsråd : Ann-Christin H Hjelleset
Repr. Rb. Menighetsråd : Herbjørn Vestvik
Repr. Rb. Menighetsråd : Bjørg Sivertsen Lauvsnes
Repr. valgt av kommunen : Jarle Bø
Repr. valgt av biskop : Tomas M. Røsbak

1. vararepr. Rb. MR : Erling Tokheim
2. vararepr. Rb. MR : Brigt Bø
1. vararepr. Gr. MR : Trond Goa
2. vararepr. Gr. MR : Anne-Grethe T Vistnes
Vararepr. valgt av kommunen : Rune Øygard
Vararepr. valgt av biskop : Sokneprest i Grødem kyrkje

Forfall: Jakob Nærheim og Jarle Bø

SAKLISTE:

FR sak 41/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste.....2
FR sak 42/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå 30.10.20242
FR sak 43/2024 Budsjettforslag for 2025 – Utsett frå sist møte.....2
FR sak 44/2024 Økonomiplan 2025 – 2028 – utsett frå sist møte.....3
FR sak 45/2024 Val av leiar og nestleiar for neste år.3
FR sak 46/2024 Møteplan for 20253
FR sak 47/2024 Orienteringar.....4
FR sak 48/2024 Eventuelt - Vedlikhaldsplan og utvendig opplysning av Grødem kyrkje

Jakob Nærheim
Fellesrådsleder

Solveig Mjøltnes Hatletvedt
Kirkeverge

FR sak 41/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste blir godkjent.

Behandling:

2 saker meldt til eventuelt.

Innkalling og saksliste kjem framleis ikkje ut til alle på rett tid. Nye mailadr er oppgitt.

Desse prøver ein ut før neste møte

Vedtak:

Innkalling og saksliste blei godkjent.

FR sak 42/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå 30.10.2024

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll frå fellesrådsmøtet 30.10.2024 blir godkjent

Vedtak:

Møteprotokoll frå fellesrådsmøtet 30.10.2024 blei godkjent

FR sak 43/2024 Budsjettforslag for 2025 – Utsett frå sist møte

Forslag til vedtak:

Budsjettforslaget blir tatt til orientering.

Behandling:

Tilbakemelding frå Grødem menighet er at dei ønsker at ein lyser ut stillingen på 80 – 100%, slik som sist.

Randaberg ønsker at ein av stillingne skal vera på minst 80 %, den må vera leiar for ungdomsarbeidet og konfirmantarbeidet. I tillegg vil dei betale for 20% stilling i innsamla midlar.

Slik situasjonen er i dag, er det ikkje råd å auke stillingar, men dersom Randaberg menighet betaler 20% av ungdomsarbeidarstillinga, kan me oppretthalde dagens nivå.

Fellesrådet må laga ein langtidsplan framover for korleis ein kan driva med ein meir bærekraftig økonomi. Målet vårt er å ikkje kutta meir på utadretta arbeid.

Vedtak:

Budsjettet blir tatt til orientering.

Fellesrådet ber kyrkjevevja utgreie sak om samlokalisering.

FR sak 44/2024 Økonomiplan 2025 – 2028 – utsett frå sist møte

Forslag til vedtak:

Økonomiplanen for 2025-2028 blir godkjent

Behandling:

Framtidsbilde frå media ang økonomien til kyrkjene er ikkje veldig lys. Menighetene våre har stort aktivitetsnivå og det ønsker ein å oppretthalde.

Vedtak:

Økonomiplanen for 2025-2028 blei godkjent med kommentarar.

Kyrkjevevja må leggja fram ein langtidsplan for korleis ein kan driva ein meir bærekraftig økonomi. Me har som mål å ikkje kutta meir på utadretta arbeid

Frå og med 2027 må kyrkjevevja leggja inn ein realistisk kostnad for leige av lokale.

FR sak 45/2024 Val av leiar og nestleiar for neste år.

Forslag til vedtak : Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak

Behandling: Det kan vera lurt at leiarvervet og nestleiarvervet går på omgang mellom menighetene.

Vedtak:

Det blei attval frå 2024

Jakob Nærheim blir vald til leiar av RKF for 2025

Herbjørn Vestvik blir vald til nestleiar av RKF for 2025

FR sak 46/2024 Møteplan for 2025

Forslag til vedtak: Møteplan for 2025 blir godkjent

Behandling:

Ein ønsker å ha møta kun på tysdagar. Det betyr at onsdagane som er forslått blir flytta til tysdagen før.

Vedtak:

Møteplanen for 2025:

Tysdag 11.februar

Tysdag 8. april

Tysdag 27. mai

Tysdag 2. september

Tysdag 21. oktober

Tysdag 9. desember

FR sak 47/2024 Orienteringar

Forslag til vedtak: Sakene blir tatt til orientering

- a. Alain Fassotte har takka ja til 70% fast stilling som Ungdomsprest og Margrete Beksrud har takk ja til ein 50% midlertidig stilling frå 15.nov som menighetspedagog - *frå sist møte*
- b. Bjørg har vore med i den kommunale nemnda for TV-aksjonen 2024 - *frå sist møte*
- c. Randaberg kommune aukar budsjettposten for overføring til Randaberg kirkelige fellesråd med 830 000 kroner for 2024. - *frå sist møte*
- d. Kommunaldirektøren har lagt inn investering på kr 700 000 til Minnelund på Grødem i 2026
- e. Lønsforhandlingane for 2024 er ferdige og dei tilsette fekk utbetalt tillegget på septemberlønna. Tillegget blei gitt sentralt på 5,2% på stabane og 4,1% på dei to daglege leiarane. Det blei ikkje lokale forhandlingar i år.
- f. Rekneskap hittil i år og resten av 2024 – blir delt ut i møtet
Ta ut rekneskap for siste heile månad neste gong
- g. Neste Fellesrådsmøte 11.02.2025 kl 17-19 på kontoret i sentrum.

FR sak 48/2024 Eventuelt - Vedlikhaldsplan og utvendig opplysing av Grødem kyrkje

Saka gjeld:

Sak frå GM: Vedlikehald Grødem kyrkje og utendørs belysning

Behandling

Begge kyrkjene må ha vedlikehaldsplanar. Kyrkjeverje kan ta kontakt med andre Fellesråd for å få tips til planen.

Kyrkjeverja er igong med arbeidet med utandørs opplysing av kyrkjene

Vedtak:

Kyrkjeverja må setta i gong ein prosess med å laga vedlikehaldsplan for begge kyrkjene.

Utandørs opplysing av kyrkjene bør vera på plass til jubileet til Grødem kyrkje

Sak 49/24 Eventuelt – Lokale for Randberg menighet

Saka gjeld:

Randaberg menighet har nedsett ein komité for å finna eigna lokale for kyrkjeleg aktivitetar og kontorlokale.

Behandling:

Herbjørn orienterte om kva komiteen for kyrkjebygg arbeider med.

Randaberg menighet stilte spørsmål om eigarskap til bygget og korleis kan ein finansiera bygget.

Det må avklarast kva type bygg som skal byggast. Skal det vera eit kyrkjebygg eller eit menighetsbygg?

Fellesrådet må betale leige om dei vil ha kontorlokala sine der, samt betale leige for kyrkjelege handlingar som kan foregå der.

Fram til 2024 har Fellesrådet betalt 300 000 kr for leige av Coop sine lokale i Sentrum.

Vedtak : Kyrkjeverja svarer Randaberg menighetsråd på dei juridiske spørsmåla knytt til eigarskap.

Fellesrådet er positive til at Randaberg menighet arbeider med menighetslokale. Fellesrådet kan ikkje inngå nokre økonomiske forpliktelsar på nåverande tidspunkt, men er opne for å vurdere leigeavtale når noko meir konkret Blir lagt fram.